



# Vestnes kommune

## Helse og omsorg

Off.l. §13. Jf. Fvl. § 13

### SØKNAD OM HELSE - OG OMSORGSTENESTER

#### PERSONOPPLYSNINGAR

|                 |  |                    |  |
|-----------------|--|--------------------|--|
| Namn:           |  | Næraste pårørande: |  |
| Personnummer:   |  | Slektstilhøve:     |  |
| Adresse:        |  | Adresse:           |  |
| Postnr/stad:    |  | Postnr./stad:      |  |
| Telefonnummer.: |  | Telefonnummer.:    |  |
| Verje:          |  | Fastlege:          |  |
| Telefonnummer:  |  | Telfonnummer:      |  |

Bur du åleine?

Beskriv ditt hjelpebehov: (dersom du treng meir plass, bruk baksida eller eige ark)

**Tenester du kan søke på etter Lov om kommunale helse - og omsorgstenester av 24.06.2011:**

**§ 3-2 :**

Heimesjukepleie, psykisk helsehjelp og praktisk bistand  
Rehabilitering  
Praktisk bistand og opplæring i daglige gjeremål  
Personleg assistent  
Støttekontakt  
Korttids - og langtids institusjonsplass

**§ 3-6:**

Pårørandestøtte, opplæring og rettleiing, avlastning og omsorgsstønad

**§ 3-8:**

Brukarstyrt personleg assistent

**§§ 7-1 og 7-2 :**

Individuell plan og koordinator

**Kommunale servicetilbod:**

Dagsenter, matombringing og tryggleiksalarm

**Informasjon om saksbehandlingsprosessen:**

Kommunen vil på bakgrunn av ei fagleg vurdering av dine behov avgjere om du vil få tildelt helse- og omsorgstenester, kva type tenester og omfanget av desse.

Det blir registrert standardinformasjon om deg som søkjar i IPLOS-registeret, som er eit sentralt helseregister. Dette er med på å danne grunnlag for tildeling eller avslag på helse- og omsorgstenester. Alle kommunar er pålagt å registrere informasjon om pleie- og omsorgstenester, og desse opplysningane blir anonymisert og årleg sendt inn til Statistisk Sentralbyrå. Dette gir auka kunnskap for å kunne styre og utvikle tenestene.

Sjølv om det er kommunen som tek avgjersla om tildeling eller avslag på tenester, er det fint om du beskriv i søknaden ønske eller oppfatning om kva tenester du meiner best vil kunne dekke dine behov for naudsynt hjelp.

Det kan ta 4 veker å få behandla søknaden. Søkjar mottek svar på søknaden i form av vedtak om tenester. Det vil ligge føre foreløpig svar dersom tidsramme for vedtak må forlengast. Ein får alltid orientering om skriftleg klagerett.

**Bruk av hjelpemiddel:**

Kommunen har ansvar for å sørge for eit forsvarleg arbeidsmiljø for sine tilsette, jf. Lov om arbeidsmiljø (Aml) 17.06.2005 §4-1. Arbeidsplassen skal vere fullt forsvarleg ut frå omsyn til arbeidtakars helse, miljø og velferd., jf. Aml §4-4 (1), og gjev rett til å ta i bruk nødvendige hjelpemiddel for å unngå uheldig fysisk belastning, jf. Aml §4-4 (2). Kommunen kan stille krav om å ta i bruk personlege hjelpemiddel for å yte helse- og omsorgstenester i heimen.

Søknaden sendast til:

**Vestnes kommune**

**Tenestekontoret**

**Brugata 10**

**6390 Vestnes**

Underteikna samtykker i at Vestnes kommune kan innhente nødvendige opplysningar til bruk i saksbehandlinga og i tenesta. Informasjonen vil kunne bli innhenta frå søkjar, pårørande og samarbeidande partar.

Søkjar kan krevje innsyn i informasjon som er registrert.

Stad og dato .....

Underskrift .....

Underskrift verje .....

16.11.2018